



Kyrre Furdal Nyheim
Fosse 244 A
5919 FREKHAUG

Ikkje off.
§ 24 2. ledd 2. punktum

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2341 - 21/11946

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
22.02.2021

Vedtak om pålegg for fjerning av båtvrak i Grønevika og varsel om tvangsmulkt

Tiltak:	Båtvrak	
Byggjestad:	Gbnr 1/7	Grønevika
Tiltakshavar:	Kyrre Furdal Nyheim	

Saka gjeld

Alver kommune er gjort kjent med at to båtar du har eigarskap til ligg nedsøkt i Grønevika på Flatøy.

Med heimel i forureiningslova § 37, jf. § 28 pålegg Alver kommune deg å fjerna båtene som ligg nedsenka i Grønevika, Flatøy. Frist for fjerning av båtene er sett til 01.06.2021. Båtvraka skal leverast til godkjent avfallsanlegg og dokumentasjon sendast kommunen.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert du varsla om at kommunen kan skrive ut tvangsmulkt dersom båtene ikkje er fjerna innan fristen.

Grunngjeving for vedtaket

Det følgjer av forureiningslova § 28 1.ledd at «ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmaende eller være til skade eller ulempe for miljøet.»

Etterlating og dumping av båtene er i strid med forureiningslova § 28. Det kan oppstå lekkasje av olje og diesel frå vraka.

Etter forureiningslova § 37 1.ledd kan kommunen «gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, skal fjerne det, rydde opp innan en viss frist, eller at han skal dekke rimelige utgifter som noen har hatt til fjerning eller opprydding.»

Kommunen er gjort merksam på at du har eigarskap til desse båtene. Du er dermed ansvarleg for å ha etterlatt dei i ein slik forfatning at dei sokk.

På bakgrunn av dette krev Alver kommunen at du fjernar begge båtvraka og leverer det til godkjent deponi innan 01.06.2021.

Krav om fjerning av båtvrak er ikkje varsla etter forvaltningslova § 16. Kommunen finn at pålegget kan unnlatast varsling på grunn av faren for forureining, jf. fvl. § 16.

Vi gjer merksam på at dersom eit pålegg ikkje vert etterkomme, kan kommunen sørge for fjerning av båtane på eigar si rekning, jf. forureiningslova § 74 1.ledd. Kommunen vil og krevje dekkja kostnadene som har vore i tilknytning til den akutte forureininga.

Rettt til å gje uttale

Har du kommentarar til pålegget kan det sendast til Alver kommune innan to veker etter at varselet er motteke, jf. forvaltningslova § 16.

Tilbakemelding

Når fjeringa er utført må det sendast inn dokumentasjon for utført arbeid.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

Plikta til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7

Forbod mot å tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall følgjer av forureiningslova § 28.

Kommunens rett til å pålegge den ansvarlege å fjerne båtvrak følgjer av forureiningslova § 37.

Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 tredje ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **20/2341**

Dersom du har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kyrre Furdal Nyheim

Fosse 244 A

5919 FREKHAUG